

Medlemene vert med dette kalla inn til møte.

Varamedlemer får innkallinga, møter berre etter særskild innkalling.

Vert du av lovlege grunnar hindra i å møte, må du melde frå til Anne Liv Lidtveit på tlf. 99 38 66 30 eller e-post post@konesesjonskraft.no

Valle, 20.11.2015

Innkalling til møte i KIKS - Styret

27.11.2015 kl. 10:00 i Tyholmen hotel, Arendal

Til handsaming:

Saksnr	Innhold
PS 71/15	Godkjenning av møteprotokoll
PS 72/15	Referatsaker
PS 73/15	Rapportering - hedging, trading og formuesforvaltning
PS 74/15	Risikostrategi
PS 75/15	Status strategiplan
PS 76/15	Drøftingssaker
DR 5/15	Styre sine røynsler med strategiplanen
PS 77/15	Orienteringar Orienteringssaker
OS 9/15	Orientering status Agder Energi Vannkraft AS
OS 10/15	Status og framdrift november 2015-orientering styret
OS 11/15	Lokalt lønnsoppgjer 2015
PS 78/15	Økonomiplan 2016-2019-Budsjett 2016
PS 79/15	Forbruk til alminneleg forsyning-ending av praksis og verknadstidspunkt
PS 80/15	Ending i møtegodtgjeringar for styret og representanskap
PS 81/15	Konkurransgrunnlag ved innkjøp av revisortenester
PS 82/15	Ending av arbeidsavtale – ikkje offentleg

Gro Anita Mykjåland
styreleiar

Arne Tronsen
dagleg leiar

Saksnr	Innhold
PS 71/15	Godkjenning av møteprotokoll PS 72/15
Referatsaker	
PS 73/15	Rapportering - hedging, trading og formuesforvaltning PS 74/15
Risikostrategi	
PS 75/15	Status strategiplan PS 76/15
Drøftingssaker	
DR 5/15	Styre sine røynsler med strategiplanen PS 77/15
Orienteringar	
	Orienteringssaker OS 9/15
Orientering status Agder Energi Vannkraft AS	
OS 10/15	Status og framdrift november 2015-orientering styret OS 11/15
Lokalt lønnsoppgjer 2015	
PS 78/15	Økonomiplan 2016-2019-Budsjett 2016 PS 79/15
Forbruk til alminneleg forsyning-endring av praksis og verknadstidspunkt	
PS 80/15	Endring i møtegodtgjeringar for styret og representanskap PS 81/15
Konkurransesgrunnlag ved innkjøp av revisortenester	
PS 82/15	Endring av arbeidsavtale
411	

PS 71/15 Godkjenning av møteprotokoll

PS 72/15 Referatsaker

PS 73/15 Rapportering - hedging, trading og formuesforvaltning

PS 74/15 Risikostrategi

PS 75/15 Status strategiplan

PS 76/15 Drøftingsaker

Strategiplan og grunnleggande etiske prinsipp 2015-2020

Side | 1

Kva for røynsler vil styret formidle vidare til representantskapet i desember 2015?

Dagleg leiar viser til notat dagsett 23/9 2015, sjå vedlegg.

Nokre hovudmoment som dagleg leiar synest er viktige sett frå eigen ståstad:

Eigenvurdering av noverande strategiplan:

- Er noverande strategiplan operativ; inneheld planen naudsynt verdigrunnlag?
- Er planen tydeleg på visjon, mål og tiltak?
- Er planen enkel å minnast?
- Kvifor planperiode 2015-2020?

Dialog mellom styret og dagleg leiar/ dei tilsette

Strategioppfølging og utvikling er eit tema i samtalar mellom styreleiar og dagleg leiar og dette rammar og inn årshjulet som vert utarbeidd av styreleiar og dagleg leiar i fellesskap og som dagleg leiar kommuniserer internt i selskapet. Strategiutviklinga/revidering av strategiplan vart gjennomført av ei arbeidsgruppe der både styret og administrasjonen var med.

Dialog mellom styret og eigarane

I samband med utvidinga av verksemda i 2014 til å inkludere Vest-Agder vart det gjennomført to seminar i representantskapet for å få tilbakemelding på kva eigarane ville med selskapet. Resultatet av denne tilnærminga meiner dagleg leiar var vellukka.

Eigarstyring

Styret ønskjer at representantskapet skal vere ein god arena for eigarstyring slik at styret får godt forankra og klare bestillingar på oppgåver og vegval. Styret har lagt vekt på kompetansedeling og kompetanseheving slik at både daglege og strategiske utfordringar vert gjort tydelege.

Kva tenkjer styret om å utvikle dette vidare?

Bedriftskultur

Med utgangspunkt i strategiplan har dagleg leiar reist tre spørsmål i administrasjonen:

- Kvifor er vi her?
- Kva står vi for ?
- Kvar vil vi?

Dette er gjort både for å få ei enno betre oppfølging av strategiplanen, men og for å stimulere til kontinuerlege innspel til den vedtekne strategiplanen.



KONSESJONSKRAFT IKS

– vaktar rettane og tek vare på verdien

Dette skal og stimulere til ein krevjande dialog med styret og i neste omgong med representantskapet.

Kva meiner styret om denne dynamikken?

Side | 2

Valle 12/11 2015

Arne Tronsen
Dagleg leiar

Strategiplan 2015-2020

Korleis følgjer dagleg leiar opp strategiplan som vart vedteken i juni 2015?

Overordna:

Vi som er tilsette i KIKS stiller oss sjølve tre spørsmål:

1)Kvifor er vi her?

Vi som tilsette arbeider for å gjere ein skildnad for eigarane våre.

2)Kva står vi for?

Selskapets etiske verdiar er våre verdiar. Den økonomiske utviklinga i Noreg har tent på at dei rettane som følgjer av vasskraftutbygginga og provenydelinga er påreknelege og varige. Dette er og vår ståstad.

3)Kor vil vi hen?

Vi ønskjer over tid å stå fram som det mest kompetente miljøet i Noreg på konsesjonskraft med tilhøyrande problemstillingar.

Daglege gjeremål:

Alt vårt arbeid skal kvalitetssikrast gjennom svar på følgjande spørsmål:

Er gjeremålet viktig?

Er konklusjonen/tilrådinga rapporten rett?

Korleis etterprøve konklusjonen/tilrådinga/rapporten?

Oppgåver under arbeid:

Risiko-avdekke risikofaktorar og sette inn tiltak/utarbeide planar for å kontrollere desse.

Rapporthandbok- krafthandel –første versjon er no laga.

Risikohandboka krafthandel er under utarbeiding .Denne skal dokumentere kunnskap og gjere kunnskapen tilgjengeleg for heile organisasjonen og for nye medarbeidarar.

Trygge konsesjonskraftordninga:

Oppfølging av nye utrekningar av kraftgrunnlag i Sira-Kvina vassdraga først gjennom høyringsuttale og seinare gjennom møte på politisk/administrativt nivå i OED. Oppfølging av nye konsesjonar innafor Agder-fylka.

Trygge verdien av konsesjonskraftordninga:

Sjølvkostprisar Sira-kvina vassdraga skal følgjast opp i løpet av denne hausten.

Sjølvkostprisar Mandalsvassdraget- AEVK har framleis ikkje avklåra haldninga si til OED sin uttale frå mars 2015 om at OU prosjekt som krever ny konsesjon og fører med seg vilkårsrevisjon der endring av prisregime frå sjølvkostkraft til OED-prisa kraft.

KIKS overvakar og konsesjonssaker som er på høyring i Agder-fylka.

Sikre deltakarane påreknelege og gode inntekter:

Justert risikostategi og justert finansreglement skal bidra til dette. Krafthandelshandbok er under arbeid- denne handboka skal brjote ned kvar einiskild finansiell krafthandel slik at kompetansen i selskapet vert dokumentert og kan nyttast i etter tid.

Vi har sett igong utvikling av ein modell som skal måle om vår fysiske krafthandel er god.

Byggje kompetanse i alle ledd:

Nye medlemmer i porteføljeutvalet får tilbod om kompetanseoverføring. Kommunar med serskilte utfordringar får tilbod om grundig gjennomgang av utfordringane med sikte på god samhandling og tydeleg arbeidsdeling frametter.

Evje skule får eit tredagars tilbod om opplæring i september.

Rådgjevar økonomi har i haust starta på etterutdanning i hydrologi.

Kompetansetiltak for styret og representantskap vert sett i verk på nyåret 2016.

Utvikle tenestemenyen:

Arbeidet er sett på vent, avdi vi framleis arbeider med å konsolidere verksemda etter at Vest-Agder vart med i samarbeidet.

Vere opne for utviding av verksemda:

Dagleg leiar arbeider ikkje med dette pr i dag og vil ikkje sette i verk tiltak utan etter samråd med styret.

Samhandling KIKS og deltakarar:

Dagleg leiar ønskjer tilbakemelding frå styret på dette.

Informasjonstiltak:

Dagleg leiar ønskjer tilbakemelding frå styret på dette.

Oppsummering:

Prisane på kraftmarknaden har vorte redusert over ein 5-års periode.

Etter dagleg leiar si vurdering er alle satsingsområde i strategiplanen like viktige i ein periode med reduserte inntekter. Ambisjonsnivået er til beste for eigarane i eit strategisk perspektiv og det syter for at verksemda er attraktiv som arbeidsstad. Dagleg leiar vil legge dette til grunn for budsjettet for 2016 og ser i møte drøftingar med styret og representantskap om selskapet skal møte framtida.

Dagleg leiar synest sitjande styre skal lage ein rapport om eigne røymsler med det strategiske arbeidet i KIKS. Denne rapporten bør vere ein del av budsjett/økonomiplan. Dagleg leiar tilrår difor at styremøta i oktober og november vert nytta til å meisle ut hovudpunkta i denne bolken.

Valle 23/9 2015

Arne Tronsen

PS 77/15 Orienteringar

Orienteringssaker

Orienteringssaker



Notat

Til: Styret

Vår ref:
2015/3-14

Sakshandsamar:
Arne Tronsen, 37 93 75 23
atr@konesjionskraft.no

Arkivkode:

Dato:
11.11.2015

Konesjionskraftpris Sira-Kvina kraftselskap-Status og framdrift

Hva mener Konesjionskraft IKS:

Sira-Kvina kraftselskap benytter uriktig delingsfaktor (dvs. den middelproduksjon som kraftselskapets totale produksjonskostnader skal divideres på for å finne kraftprisen per kWh) ved beregning av konesjionskraftprisen. Etter KIKS oppfatning har ikke partene uttrykkelig inngått avtale om bruk av en bestemt delingsfaktor, noe som gjør at NVEs retningslinjer må legges til grunn. I følge disse skulle man fra 2001 gå over til en delingsfaktor beregnet etter tilsigsperioden 1970-1999, i stedet for perioden 1931-1990/1961-1990 som man brukte tidligere. Sira-Kvina anvender fortsatt delingsfaktor basert på tilsigsperioden 1931-1990 ved beregning av prisen. Dette medfører at produksjonskostnadene har blitt dividert på en totalproduksjon på 5925 GWh i stedet for 6862,3 GWh, noe som igjen medfører at kommunene har betalt for mye for konesjionskraften (om lag 1,2 øre/kWh), se tabell under.

	Tilsig 1931-1990	Tilsig 1970-1999
Middelproduksjon	5925,0 GWh	6862,3GWh
Totale produksjonskostnader	521,890 mill kr	521,890 mill kr
Produksjonspris 2014	8,81 øre/kWh	7,61 øre/kWh

Kva mener NVE?

NVE skriver i et brev til advokatfirma Lund og Co 12.mai 2012 vedrørende utregning av sellvkost Øvre og Nedre Porsa kraftverk:

Middelproduksjonstall benyttes som forholdstall (delingsfaktor) når konesjionskraftpris beregnes ut fra kraftverkets driftskostnader mv. De tall som på forespørsel oppgis til kommuner, produsenter og andre kommer fra NVE-ERs simulerte verdier for produksjonsevnen i utbygd vannkraft i Norge per 1. januar hvert år. De senere år har serien 1970-99 vært benyttet som grunnlag.

Denne vurderingen støtter Konesjionskraft IKS sitt syn.

Hva mener OED?

I utregningsgrunnlaget for OED-prisen er Sira-Kvina anleggene medregnet og middelproduksjonen for utregninga i 2015 er satt til 6862,3 GWh.

Denne beregningen støtter også Konesjionskraft IKS vurdering.

Er tilsigstallene og øvrige hydrologisk data som ligger til grunn for simuleringen av middelproduksjonen på 6862,3 GWh korrekte?

NVE har i de beregninger som ligger til grunn for det tilrådde kraftgrunnlaget og utregninga av konsesjonskraftvolumet i høringsutkastet av mai i år, benyttet samme datagrunnlag som i overnevnte utregninger- selv om beregningsmetodikken for innvunnet kraftøkning og middelproduksjon er forskjellig. Konsesjonskraft IKS har ettergått andre hydrologiske data-pumpevolum- og funnet at disse også er korrekte.

Videre arbeid

Det er enighet administrativt mellom alle berørte kommuner/fylkeskommuner om å gå inn i forhandlinger med Sira-Kvina kraftselskap.

På møte 9/11 2015 ble det sett ned et forhandlingsutvalg med representanter fra Aust-Agder ,Vest-Agder og Rogaland som sammen med Konsesjonskraft IKS skal arbeide med saka overfor Sira-Kvina kraftselskap. Konsesjonskraft IKS forskotterer kostnader med inntil kr 200.000 med fordeling etter kWh konsesjonskraftrettigheter.

Forhandlingsutvalget har ikke noe mandat, men en forhandlingsfullmakt.

Utgangspunktet er at avviket oppstår i 2003, men at vi er åpne for å diskutere dette nærmere.

Delingsfaktoren- altså middelproduksjonen – basert på tilsigstallene 1970-99 mener vi står sterkt.

Vi regner med et første forhandlingsmøte i desember.

Med helsing

Arne Tronsen
dagleg leiar

OS 11/15 Lokalt lønnsoppgjer 2015

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utval</i>	<i>Møtedato</i>
78/15	KIKS - Styret	27.11.2015
	KIKS - Representantskapet	11.12.2015

Økonomiplan 2016-2019-Budsjett 2016

Dagleg leiar tilrår:

Framlagde budsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019 vert vedteke.
Framlagde prognose for utbetaling av overskott 2016 vert vedteke.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Økonomiplan 2016-2019 og budsjett 2016 er ved sida av gjeldande strategiplan det viktigaste styringsverktøyet for eigarane, styret og dagleg leiar.

2. Kva er samanhengen mellom strategiplanen og denne saka

Strategiplanen som vart vedteke i juni i år skal gjennom dette framlegget realiserast innfor tilrådde rammer.

3. Saksopplysningar

Overordna:

Verksemda er framleis inne i ein konsolideringsfase med desse hovudoppgåvene:

Vi som er tilsett i verksemda arbeider utifrå dette fundamentet:

Vi vil gjere ein skilnad for eigarane våre.

Selskapets verdiar- truverde, kvalitet og tryggleik-er våre verdiar.

Vi meiner at den økonomiske utviklinga i Noreg har tent på at både rettane som følgjer av vasskraftutbygginga og provenydelinga har vore påreknlege og varige.

Vi ønskjer å stå fram som det mest kompetente miljøet i Noreg på konsesjonskraft med tilhøyrande problemstillingar.

Vakte rettane:

Volumutrekning og endringar med heimel i tidlegare gjevne konsesjonar
Utvikling av dokumentasjon og styringssystem.

Take vare på verdien:

Sjølvkostprisar Mandalsvassdraget og Sira-Kvina vassdraga
Utvikling av styringssystem- rapportinstruks og rapporthandbok.
Krafthandel – sikre påreklelege inntekter og ta vare på marginar

Nye konsesjonar:

Vi følgjer og opp prosjekt som er på høyring, tilråding om nye konsesjonar, gjevne konsesjonar der det manglar investeringsavgjerd og prosjekt under utbygging.

Målsetting: Konsesjonskraft skal leverast frå den dagen vatnet vert teke i bruk til kraftproduksjon.

Avdekking av risiko-kontroll med risiko

Risikohandbok er under utarbeiding.

Administrativ beredskapsplan er utarbeidd og testa gjennom beredskapsøvinger.

Kompetanserisiko- vi arbeider med å sikre oss hydrologikompetanse for framtida- både gjennom etterutdanning internt og gjennom samarbeid med eksterne tjenesteleverandører.

Handbok krafthandel

Alle aktivitetar i samband med krafthandelen skal dokumenterast - både for å take vare på minnet til organisasjonen og for å sjå om det er noko som skiljer vellukka handlar frå ikkje-vellukka handlar

Informasjonssystem.

Utan eit godt og gjensidig informasjonssystem som involverer deltakarane kan ikkje KIKS take vare på rettane til kommunane på ein fullgod måte.

Risikostrategi krafthandel.

Risikostrategien skal kontrollere all motpartsrisiko og prisrisiko etter ein definert strategi.

Områdepriserisikoen tek vi sjølve avdi finansielle kontraktar er dyre.

Kommunikasjonen med eigarane er avgjerande for utforminga av risikostrategien.

Utmeislinga skjer i samarbeid med styret.

Alle tilsette er i større og mindre grad med på denne aktiviteten

Dagleg leiar har ansvaret for den daglege oppfølginga.

Informasjon og opplæring

Kiks arbeider planmessig med opplæring for styre og representantskap

KIKS orienterer kommunestyre og fylkesting.

KIKS syter for at heimesida fungerer som informasjonskjelde.

Hovudstrategien er kompetansedeling eksternt og internt.

Innkjøp av tenester

Verksemda er avhengig av å kjøp inn spisskompetanse innafor hydrologi, jus og finans. Dagleg leiar arbeider målretta med å utvikle kompetanse og å utnytte den auka kompetansen og kapasiteten i verksemda. Vi utviklar og eigne arbeidsmetodar for å redusere innkjøp av tenester.

Vi arbeider for å få inn ein meirverdi både for tenesteleverandøren og for oss som kjøpar; dette avdi vi meiner at det gjer kvaliteten på dei leverte tenestene betre utan at kostnadene aukar tilsvarande.

Inntektene:

Vi arbeider aktivt med risikostrategi, analyseverktøy for å utnytte marknaden innafor definert risiko. Siktemålet er å skape ein meirverdi for eigarane.

Vi vel og løysingar som gjer at vi får tak i marginar utan at risikobiletet vert skadelidande.

Utgiftene:

Noverande utgiftsnivå skuldast ei målmedveten oppbygging i samband med utvidinga av verksemda til å femne om deltakarane frå Vest-Agder og for å kunne løyse dei oppgåvene som eigarane har definert i strategiplanen.

I ei tid med reduserte inntekter er det viktig å gå gjennom alle aktivitetar og utgiftselement på ein kritisk måte. Dette er no gjort i dette budsjettframlegget.

Dagleg leiar meiner det både er operativt naudsynt og strategisk rett å halde på noverande tal på stillingsheimlar dei første to åra.

Det vil gå ut over evna til operativ verksemd og til å gjennomføre konsolideringa på ein god måte, dersom dette vert endra no.

Ved sida av konsesjonskraftrettane er dei tilsette den største ressursen i verksemda.

I løpet av knappe to år vil vi ha ressursar til å utvide tenestemenyen til våre deltakarar , utvide den geografiske virkekrinsen og/eller skipe eit dotterselskap for sal av tenester.

Vinstrealisering.

Vi arbeider kontinuerleg med å realisere marginar, både gjennom å kontrollere kjøpskostnadene for krafta og å syte for at nye konsesjonar fører til uttak av konsesjonskraft den dagen vatnet vert teke i bruk til kraftproduksjon.

Årsverknaden av vårt arbeid i 2015 er følgjande:

Ny kraft på nettet: kr 915.000,-

Reduserte kjøpskost kr 835.000

Totalt kr 1.740.000. Dette tilsvarar kostnadene for to og eit halvt årsverk.

Strategisk val

Styret bør saman med representantskapet arbeide mykje med strategiplanen i 2016.

Dagleg leiar tilrår difor å legge til grunn gjeldande strategiplan og halde på noverande administrative oppsett i 2015. Ein viktig del av satsinga vår er utvikling av hydrologisk kompetanse.

Verksemda har i dag god utviklingskraft- denne lyt ein ha med som eit viktig element i arbeidet med strategiplanen i 2016.

Kommentarar til budsjett 2016:

Driftsutgifter

For 2016 utgjer driftsutgiftene kr 8.605.000 mot kr 9.770.000 i revidert budsjett for 2015

Driftsutgiftene er eit svar på tiltak som må gjerast for å møte daglege operative utfordringar og dei oppgåvene som deltakarane har vedteke skal løysast.

KIKS har vald å selje krafta fysisk etter eigen forvaltningsavtale med Markedskraft ,som utfører den finansielle handelen etter ordre frå krafthandlaren i selskapet. Vi valutasikrar samstundes som vi prissikrar.

Vår forvaltningsmodell kostar kr 2.300.000 i ekstern rådgjeving og gebyr. Margininntektene våre ligg på omlag kr 1.900.000 i året.

Kostnadene til fysisk handel med kraft utgjer om lag kr 1.000.000 , medan margininntektene er budsjettert til kr 3.000.000 i året.

Dagleg leiar har saman med administrasjonen og styret arbeidt mykje med risikostyring; oppbygginga av administrasjonen må og sjåast i samanheng med risikostyringa.

Vi gjennomfører undervisningsopplegg ungdomsskulen og driv informasjonsarbeid.

Vi er 4 tilsette i heil stilling; ein medarbeidar er i gong med etterutdanning innafor hydrologi.

Innkjøp av tenester gjeld følgjande:

Rekneskap og revisjon kr 600.000

Juridisk bistand kr 200.000

Hydrologibistand kr 200.000

Forvaltar/fullmektig kr 850.000

Gebyrer krafthandel kr 1.300.000

Controller kr 240.000

Tilsaman kr 3.190.000

Diverse merkantile og administrative kostnader er på kr 980.000 mot kr 1.070.000 i 2015.

Av dette beløpet utgjer møtekostnader kr 400.000, husleige/tenestekjøp Valle kommune kr 270.000.

Kontorutgifter, forsikringar og leige av maskinar utgjer kr 210.000.

Det er avsett til ordinær lønsauke kr 50.000.

Driftsinntekter

Konsesjonskraftinntektene utgjør 235,1 mill. kr brutto. Dette er basert på finansiell handel pr. 1/10 2015 og ei verdivurdering av usikra kraftvolum pr. same dato. Inntektsanslaget er 95% sikkert og gjev grunnlaget for utsendt inntektsprognose.

Konsesjonskraft IKS driv i dag ikkje med trading.

Vår risikostrategi skal sikre deltakarane gode og pårekelege inntekter. Risikostrategien har ikkje som mål å slå marknaden; det er likevel slik at i ein fallande marknad vil vår 3-årige sikringshorisont føre til ein monalege finansiell verdi. Når prisane aukar over tid, vil det motsette skje.

Gjennom 2014 har vi fått ny kraft på nettet til ein verdi av kr 915.000 pr. år. I løpet av 2015 vil vi få ytterlegare om lag 1 GWh ny konsesjonskraft tilgjengeleg til ein verdi av om lag 150 000 (jfr. snitt sikringspris)

Dette er eit resultat av at vi følgjer opp konsesjonar som er gjevne, men der NVE ikkje har rekna ut konsesjonskraftkvantum.

Kjøpskostnader inklusive nettariffar

Vi har i budsjettet rekna med at kjøpskostnadene for kraft prisa av Olje og Energidepartementet aukar med 0,4 øre pr. kWh pr. år og kraft levert til sjølvkost aukar med 0,7 øre pr. kWh pr. år.

Vi reknar ikkje med at nettariiffane aukar før i 2019 og då med 50% frå 2019- altså frå 1,2 øre pr. kWh til 1,8 øre pr. kWh for fastleddet.

Gjennom målmedvete arbeid med kjøpskostnader er desse redusert med minst kr 835.000 pr. år med verknad frå 2015.

Vi arbeider framleis med andre problemstillingar og potensialet for ytterlegare kostnadsreduksjonar er tilstade, men arbeidet er krevjande og kan difor take tid.

Det er framleis ein risiko for at 42,5 GWh i Mandalsvassdraget kan verte ulønsam å take ut grunna auka sjølvkost og fallande marknadsprisar. Vi arbeider for å få identifisert sannsynleg skjeringspunkt.

Vi har det same arbeidet på gong for konsesjonskraft frå Sira-Kvina vassdraga- det gjeld 480 GWh.

Vi tek og i dag ut 23 GWh i Otravassdraget som kunne vore prisa til sjølvkost; då ville ein stor del av denne krafta vorte ulønsam.

Konsesjonskraftvolum og moglege endringar

Det er ikkje rekna med endringar i 2016 utover det tillegget som kjem i Otravassdraget og som er nemnt under driftsinntekter; det er likevel sannsynleg at NVEs tilråding for utrekning av konsesjonskraft i Sira-Kvina vassdraga vil føre til endringar- kanskje og med tilbakeverkande kraft. Dersom tilrådinga vert endeleg vil konsesjonskraftvolumet for deltakarane i KIKS samla sett verte redusert med om lag 4 GWh pr. år. Dette ligg innafor det fysiske volumet som ikkje er prissikra finansielt.

Finansinntekter/finanskostnader

Dette er tal basert på røymsler frå tidlegare år. I 2016 har vi framleis ein etter måten god avtale med Danske Bank som gjev oss brukbar avkastning på likviditeten vår- denne varierer mellom 30 og 100 mill. kr.

Utbetaling til deltakarane

Det er sendt ut inntektsprognose til deltakarane slik:

Deltakarar i Aust-Agder	kr 83.000.000
Deltakarar i Vest-Agder	kr 28.595.000

Prognose deltakarar i Aust-Agder er basert på det som er definert som eit minimumsnivå i representantskapssak 2014, og som fastsetter korleis reservekapitalen skal avsettast og brukast. Prognosen er sendt ut med atterhald om politisk godkjenning.

Avsetting/bruk av eigenkapital

Det vert samla avsett kr 12.9 mill. kr.

Vest-Agder deltakarane setter av om lag 5% av midlane for å bygge opp ein reservekapital som utgjør 50% av ei normalinntekt.

I Vest-Agder vert det og avsett 1,9 mill. kr ekstra til å møte nedgong i konsesjonskraftkvantum frå Sira-Kvina kraftselskap for Kvinesdal og Vest-Agder fylkeskommune . Sjølv om det ligg føre ei

tilråding frå NVE ifrå mai i år som kan redusere grunnlaget for denne avsettinga, legg dagleg leiar til grunn ei worst-case vurdering som byggjer på det påklaga vedtaket frå NVE frå 2003.

Aust-Agder deltakarane har ein reservekapital som er større enn 50% av inntektene i eit normalår, men avsetter allikevel 7,5 mill. kr då prisane frametter er låge og det er vedteke ein utjamning av utbetalingane basert på 3 års glidande snitt.

Kommentarar til økonomiplan 2017-2019

Driftsutgifter

Dagleg leiar ser det naudsynt med eit framhaldande arbeid for å redusere alle kostnader; dagleg leiar vil tilrå at sjølve det administrative oppsettet i selskapet bør vurderast i samband med gjennomgangen av strategiplanen i 2016.

Det vil og vere mogeleg å redusere kostnader gjennom å starte inntektsgjevande verksemd/sal av teneseter og gjennom ei utviding av konsesjonskraftportefølja.

Selskapet har i dag stor verdi gjennom den kompetansen dei tilsette har erverva seg; det er viktig at denne verdien vert teke med i dei vidare vurderingane.

Det tar tid å byggje kompetanse- det går fort å miste den.

Driftsinntekter.

Driftsinntektene er i økonomiplan vurdert til å bli redusert frå 235 mill. kr i 2016 til 192 mill. kr 2019. Dette var eit augneblikkbilete frå oktober; seinare har prisane framover i tid vorte ytterlegare redusert.

Konsesjonskraftvolum og moglege endringar på sikt

Vi har identifisert 7 prosjekt som er under handsaming i NVE/OED eller som det er gjeve konsesjon på. Eitt prosjekt er under bygging; det gjeld Nye Skjerka.

Samla vil desse prosjekta gje ein middelproduksjon på om lag 400 GWH og eit konsesjonskraftvolum som vi – veldig grovt- har kalkulert til 25 GWH. Det er vår oppgåve å syte for at konsesjonskraft er på nett når kraftverket/overføringa er i produksjon/bruk.

Dersom ein reknar ein vinst på 15 øre/kWh, utgjør dette 3,75 millionar kr pr. år (jfr snitt sikringspris). Dette er ikkje teke med i økonomiplanen avdi framdrifta på prosjekta med unnatak av Nye Skjerka er uviss.

Utbetalinga til deltakarane

Det er berre prognosen for 2016 som har gode nok data i botn til å kunne leggest til grunn for budsjettarbeidet i kommunane. Dette avdi sikringsgraden vi har framover i tid er fallande, og difor gjev eit stort utfallsrom på framtidige inntektsvurderingar. Dette fram går av eigen graf.

Reservekapital

Oppbygging av reservekapital har desse målsettingane:

Dekke opp for uforutsette hendinger i budsjettåret.

Syte for at selskapet kan svare for framtidige negative avviksoppgjær

Jamne ut svingingar i inntektene.

Syte for- i kortare periodar- å dekke opp for reduserte inntekter.

Tryggleik for finansiell handel.

Dagleg leiar har gjort nokre endringar i bruk/oppbygging av reservekapitalen i 2018/2019 i dette framlegget i høve til den langtidsprognosen som er sendt ut. Dette både for å jamne ut inntektene til kommunane og for å harmonisere storleiken på avsett reservekapital for kvar einskild deltakar.


Dagleg leiar meiner spørsmålet om reservekapitalen må vurderast konkret to gonger i året, både i samband med budsjett og økonomiplan i desember og ved framlegginga av rekneskapet i mai/juni.

Dette avdi gjeldande vedtak om korleis denne skal byggast opp og brukast må kunne revurderast til eikvar tid.

Valle, den 12.11.2015

Arne Tronsen

dagleg leiar

I	 KONSESJONSKRAFT IKS <i>- vaktar rettane og tek vare på verdien</i>	Regnskap	Budsjett	Økonomiplan			
		2014	2015	2016	2017	2018	2019
Konsesjonskraftinntekter		191 270 025	251 369 000	235 154 664	207 272 000	194 299 000	197 288 000
Sum driftsinntekter		191 270 025	251 369 000	235 154 664	207 272 000	194 299 000	197 288 000
Kjøp av konsesjonskraft		67 974 887	100 941 000	104 409 352	113 848 622	118 130 345	122 412 068
Lønn inkl. sosiale utgifter		3 032 370	3 795 000	3 785 000	3 735 000	3 735 000	3 735 000
Avskrivninger		39 294	-	-	-	-	-
Eksterne honorarer		3 396 089	4 190 000	3 190 000	2 965 000	2 640 000	2 590 000
Skyss og kostgodtgjørelse		327 875	350 000	350 000	300 000	300 000	300 000
Brukt av styret		181 400	365 000	300 000	150 000	150 000	150 000
Div. merkantile og administrative kostnader		888 559	1 070 000	980 000	875 000	950 000	1 050 000
Sum driftskostnader		75 840 475	110 711 000	113 014 352	121 873 622	125 905 345	130 237 068
Driftskost eks Kjøp av kraft		7 865 588	9 770 000	8 605 000	8 025 000	7 775 000	7 825 000
Driftsresultat		115 429 550	140 658 000	122 140 311	85 398 378	68 393 655	67 050 932
Finansinntekter og -kostnader							
Finansinntekter		4 867 234	3 100 000	3 100 000	3 100 000	2 800 000	2 800 000
Finanskostnader		927 777	1 500 000	700 000	700 000	700 000	700 000
Resultat av finansposter		3 939 457	1 600 000	2 400 000	2 400 000	2 100 000	2 100 000
Resultat før overførte konsesjonskraftinntekter		119 369 008	142 258 000	124 540 311	87 798 378	70 493 655	69 150 932
Overførte konsesjonskraftinntekter		112 523 000	-				
Resultat		6 846 008	142 258 000	124 540 311	87 798 378	70 493 655	69 150 932
Overføringer til driftsfond og reservekapital		6 846 008	127 764 000	111 595 298	104 859 097	94 435 140	94 016 690
Sum overføringer		6 846 008	127 764 000	111 595 298	104 859 097	94 435 140	94 016 690
Overskott før avsetting til reservekapital			14 494 000	12 945 013	-17 060 718	-23 941 485	-24 865 758
Avsett reservekapital Aust-Agder			7 164 000	9 216 665	-20 274 355	-27 027 545	-27 929 794
Avsett reservekapital Vest-Agder			2 888 000	1 768 348	1 253 637	1 126 060	1 104 036
Avsett avkastning reservekapital			1 600 000				
Avsett reservekapital spesielt Aust-Agder				-	-	-	-
Avsett reservekapital spesielt Vest-Agder			2 500 000	1 960 000	1 960 000	1 960 000	1 960 000
Overskott			342 000	0	-0	-	-


Valle 12/11 2015

Arne Tronsen

Framlegg økonomiplan 2016-2019 - utrekning reservekapital

Berekingar AA	2016	2017	2018	2019
Til fordeling	92 216 665	62 725 645	47 972 455	47 070 206
Til utbetaling	83 000 000	83 000 000	75 000 000	75 000 000
Ekstra avsett				
Avsett vanleg reservekapital	9 216 665	-20 274 355	-27 027 545	-27 929 794
UB ekstra avsett	-	-	-	-
UB reservekapital vanleg	95 108 675	74 834 320	47 806 775	19 876 981
UB reservekapital totalt	95 108 675	74 834 320	47 806 775	19 876 981
reservekapital i % av siste 3 års utbet		86 %	60 %	26 %
reservekapital i % av til fordeling	103 %	119 %	100 %	42 %
Berekingar VA				
	2016	2017	2018	2019
Til fordeling	32 323 646	25 072 733	22 521 200	22 080 726
Til utbetaling	28 595 298	21 859 097	19 435 140	19 016 690
Ekstra avsett	1 960 000	1 960 000	1 960 000	1 960 000
Avsett vanleg reservekapital	1 768 348	1 253 637	1 126 060	1 104 036
UB ekstra avsett	3 920 000	5 880 000	7 840 000	9 800 000
UB reservekapital vanleg	5 475 467	6 729 104	7 855 164	8 959 200
UB reservekapital totalt	9 395 467	12 609 104	15 695 164	18 759 200
reservekapital i % av siste 3 års utbet		25 %	34 %	45 %
reservekapital i % av til fordeling	17 %	27 %	35 %	41 %

Utfallsrom inntektsutvikling



Dei stipla linjane illustrerer utfallsrom for utbetalingane, viss oppbygging/utbetaling av reservekapital haldast i samsvar med økonomiplan. Ein kan forvente at det blir justeringar på oppbygging/utbetaling av reservekapital, avhengig av faktisk oppnådd kraftpris.

Utfallsrommet kjem som fylgje av Markedskraft sine analyser og ein er 90% sikker på at utbetalingane ligg i dette intervallet.

Valle 17.11.2015

Arne Tronsen

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utval</i>	<i>Møtedato</i>
79/15	KIKS - Styret	27.11.2015

Forbruk til alminneleg forsyning-ending av praksis og verknadstidspunkt

Dagleg leiar tilrår:

Forbruk til alminneleg forsyning skal reknast ut på bakgrunn av NVE sitt rundskriv frå 2001. Naudsynt korrigerings av forbrukstal skal gjerast gjeldande frå 1/1 2015. Utbetalingsprognose 2015/2016 Sirdal og Kvinesdal kommunar skal endrast dersom korrigeringsa ikkje kan salderast mot avsetjing til reservekapital.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Utrekning av forbruk til alminneleg forsyning vert gjort kvart år i januar/februar som ein lekk i avrekninga av inntekter for føregåande rekneskapsår. I forbruk til alminneleg forsyning er eigeforbruket i kraftstasjonar i vedkomande kommune medrekna; NVEs retningsliner tilseier at berre delar av dette kraftforbruket skal medrekast i forbruk til alminneleg forsyning.

2. Kva er samanhengen mellom strategiplanen og denne saka

Verksemda skal vakte rettane og syte for påreknelege og gode inntekter til deltakarane.

3. Saksopplysningar

Eg viser til det som nevnt som bakgrunn for saka.

Rutiner i KIKS:

Prognose for utbetaling 2015 er sendt ut på bakgrunn av forbrukstal 2014- i løpet av året er prognosetala samanhalde med faktisk målt forbruk for 2014. Avrekning av utbetaling 2015 vert gjort når det målte forbruket ligg føre i januar/februar 2016. I det målte forbruket inngår alminneleg forbruk til alminneleg forsyning, forbruk i kraftstasjonar avgrensa mot det som er produksjonsrelatert. Alt dette vert tillagt 10% nettap. Det er ikkje rekna med nettapet i sentralnettet innafor vedkomande kommune.

Feil i utrekninga av forbruket til alminneleg forsyning:

Vi har konstatert at oppgjevne forbrukstal for nokre kraftverk ikkje er i samsvar med NVEs-retningslinjer frå 2001. Vi har ikkje tidlegare kontrollert desse tala tilfredsstillande av di vi ikkje har vore merksame på nemnde retningslinjer.

Det er vidare eit problem at kraftverka ikkje måler dette forbruket, og at det difor er naudsynt med eit grunngeve anslag.

Oppfølging:

Underteikna arbeider med saka og har konstatert feil i kraftverka i Sira-Kvina vassdraga. Der har eg gjort ein avtale med Sira-Kvina kraftselskap om at dei i løpet av 2016 skal gjennomføre eit registreringsprosjekt for å få ei korrekt fordeling som då kan nyttast frå 2017. Dette vil eg og fremje som eit ønske andsynes dei øvrige aktuelle kraftverkseigarane, dvs Agder Energi Vannkraft AS og Otra Kraft DA.

For 2016 har eg etter ei vurdering frå Sira-Kvina kraftselskap lagt til grunn at forbruket i kraftstasjonane deira skal delast med ein halvdel på produksjonsrelatert straumforbruk og ein halvdel på forbruk til alminneleg forsyning. Dette fører til at forbruk til alminneleg forsyning i Sirdal(på budsjettnivå) vert redusert med om lag 4,5 GWh og Kvinesdal sitt forbruk med 0,8 GWh. Det kan og vere aktuelt å korrigere for inneverande år av di avrekninga/fordelinga av inntektene ikkje vert avslutta før første halvår 2016.

Dette fører til at utbetalingsprognose for 2016 for Sirdal kommune vert redusert frå kr 1.074.000 til kr 547.000 og at Kvinesdal kommune sin prognose vert redusert frå kr 3.345.000 til kr 3.233.000. Utbetalingsprognosa for Vest-Agder fylkeskommune aukar tilsvarande frå kr 14.527.000 til kr 15.166.000.

For 2015 fører dette til at inntektene Sirdal kommune vert redusert med kr 620.000 og Kvinesdal kommune med om lag kr 100.000.

Eg har ikkje konsekvensane av denne korrigeringa for Åseral,Bykle og Valle kommunar/Aust-Agder fylkeskommune.

Her er det truleg endringane så små at utslaga i 2016 vert fanga opp gjennom saldering mot avsetting reservekapital.

Eg vil kome attende til dette i styremøtet,

4. Vurdering

Korrigeringa for 2016 er naudsynt og sjølvstekt; det er likevel eit spørsmål om verknadstidspunkt for korrigeringa.

Formuleringane i strategiplanen dreg konklusjonen i to ulike retningar, jfr. det som er nemnt under tilhøvet til strategiplanen.

Dagleg leiar har kome til rorde partar har krav på å få gjennomført avrekninga for 2015 på ein korrekt måte og at Konesjonskraft IKS difor lyt legge til grunn at endringa av praksis vert gjort gjeldande frå 1/1 2015. Av di endeleg avrekning og fordeling av inntekter for 2015 først vert gjort i samband med rekneskapsavslutninga i løpet av 1. halvår 2016, er det uproblematisk å gjere korrigeringa gjeldande frå 1/1 2015.

Dersom ei vel å take med 2015 som ikkje er avrekna, vil endringane slik det ser ut i dag før vi har fått det faktiske forbruket til alminneleg forsyning, føre til at utbetalinga til Sirdal for 2015 vert redusert til om lag kr 500.000, medan utbetalingane til øvrige deltakarar i hovudsak vert uendra grunna saldering mot avsetting reservekapital. Vest-Agder fylkeskommune og Aust-Agder fylkeskommune vil få ein auke i inntektene tilsvarande reduksjonen i inntektene for vedkomande kommunar.

På grunn av at Sirdal kommune har definert 72 GWh av sitt forbruk(som i revidert budsjett 2014 er rekna til 67,4 GWh) til leveringsavtalen til Eramet, kjem alle endringar i det faktiske

forbruket inn i avrekninga til KIKS. Dette gjør at inntektsprognosa frå KIKS til Sirdal vil vere svært ustabil frametter. Sira-Kvina kraftselskaps registrering av forbruket i 2016 kan føre til endringar i fordelinga mellom forbruk til alminneleg forsyning og produksjonsrelatert forbruk. Det skal ein liten reduksjon til før inntektene til Sirdal vert marginale.

Valle, den 13.11.2015

Arne Tronsen
dagleg leiar

KTV – Notat nr. 53/2001

Til:	Berørte parter		Middelthuns gate 29
Fra:	Jonny Ødegård	Sign.:	Postboks 5091 Majorstua 0301 OSLO
Ansvarlig:	Knut Gakkestad	Sign.:	Telefon: 22 95 95 95 Telefaks: 22 95 90 00 E-post: nve@nve.no Internett: www.nve.no
Dato:	24.08.2001		
Vår ref.:	NVE 200105725-1 ktv1/joo		
Arkiv:	511.5		Org. nr.: NO 970 205 039 MVA
Kopi:			Bankkonto: 0827 10 14156

Generell orientering om konsesjonskraft

Definisjon på konsesjonskraft

Med konsesjonskraft forstås den del av kraftproduksjonen som eierne av et vannkraftverk i henhold til gitte konsesjoner er pålagt å levere til de kommuner som er berørt av utbyggingen, ev. også fylkeskommuner og staten. Konsesjonskraften fordeles av konsesjonsmyndigheten, og skal leveres til en pris som loven foreskriver.

Lovgrunnlag - hovedretningslinjer

- Lov om erverv av vannfall, bergverk og annen fast eiendom m. v. (Industrikonsesjonsloven (inkl.) (også kaldt ervervsloven)) av 14. desember 1917 nr. 16, § 2, post 12.
- Lov om vassdragsreguleringer (vassdragsreguleringsloven (vregl.)) av 14. desember 1917 nr. 17, § 12, post 15.

I medhold av ovennevnte lover gis det konsesjoner for erverv, reguleringer mv. med vilkår om blant annet avståelse av konsesjonskraft til kommuner, fylkeskommuner og staten.

Konsesjoner for utbygging av elvekraftverk gitt i medhold av lov av 24. november 2000 nr. 82 om vassdrag og grunnvann (vannressursloven), og tidligere lov av 15. mars 1940 nr 3 om vassdragene (vassdragsloven), har ikke bestemmelser om avståelse av konsesjonskraft.

Etter gjeldende lovbestemmelser skal inntil 10 % av henholdsvis gjennomsnittlig kraftmengde (inkl.) eller kraftøkning (vregl.) avstås til de kommuner, eller fylkeskommuner, hvor kraftanleggene ligger. I tillegg kan det bestemmes at det skal avstås inntil 5 % av henholdsvis gjennomsnittlig kraftmengde eller kraftøkning til staten.

Lovverket har bestemmelser om avståelse og fordeling av konsesjonskraft:

"Avståelse og fordeling av konsesjonskraft avgjøres av vedkommende departement med grunnlag i kommunens behov til den alminnelige elektrisitetsforsyning."

NVE er delegert avgjørelsesmyndighet vedrørende fordeling av konsesjonskraft mv. i henhold til ovennevnte lover, jf. kgl. res. av 20.01.1971.

Olje- og energidepartementet (OED) har i brev av 07.06.1983 gitt hovedretningslinjer for avgivelse, fordeling og pris på konsesjonskraft ved konsesjoner gitt etter 10.04.1959.

Hensikten med konsesjonskraft er å sikre utbyggingskommunene tilstrekkelig elkraft til alminnelig elforsyning til en rimelig pris.

Utbyggingskommunen er prioritert og kan innenfor behovet til alminnelig elforsyning i kommunen ta ut hele konsesjonskraftmengden.

Fylkeskommunen er subsidiær i forhold til utbyggingskommunen(e) og kan midlertidig ta ut det resterende konsesjonskraftkvantum, differansen mellom totalt beregnet konsesjonskraftkvantum og den kraftmengde som hver kommune melder som sitt årlige uttak. Ved at utbyggingskommunene øker sitt uttak av konsesjonskraft etter hvert som kraftbehovet til den alminnelige elforsyning øker avtar den rest som ev. midlertidig er fordelt til fylkeskommunen.

Kommunene og ev. fylkeskommunene står fritt om og når de vil ta ut konsesjonskraft. Avgitt kraft kan kommunene benytte etter eget skjønn. Innenfor tildelt kvantum kan kommunene dekke hele eller deler av sitt behov for elektrisk kraft til alminnelig forsyning. Eventuelt kan kommunen selge konsesjonskraften.

Alminnelig elforsyning

Den konsesjonskraftmengde som kommunen/fylkeskommunen kan ta ut er begrenset til kommunens/fylkeskommunens behov for elkraft til alminnelig elforsyning innen kommunen/fylkeskommunen. Ved fastsettelse av eget behov tas det ikke hensyn til hverken egen kraftproduksjon eller medeierskap i andres utbygginger. Det tas imidlertid hensyn til konsesjonskraft fra andre konsesjoner/kraftverk. Alminnelig forsyning omfatter husholdninger, jordbruk, anleggsvirksomhet, tjenesteytende næringer, transport, bergverk og industri (ikke kraftintensiv industri og treforedling). Elkraft til togdrift (transport) skal inngå i alminnelig forbruk. Dersom kjelekraft erstatter elkraft til alminnelig elforsyning bør denne kunne inngå ved fastsettelse av konsesjonskraftmengde til alminnelig elforsyning. Forbruket av elkraft i kraftstasjoner, kraftselskaperens administrasjonsbygninger mv. som er beliggende innen kommunen, bør også kunne inkluderes ved fastsettelsen av konsesjonskraftmengde til alminnelig elforsyning. Mens kraft som går til kraftverkets drift; pumping, magnetisering, drift av hydrauliske anlegg mv. ikke skal medregnes i behovet til alminnelig elforsyning.

Uttaksmønster

Kraften kan kreves avgitt med en brukstid ned til 5 000 timer/år. Kommuner med lavere brukstid enn 5 000 timer/år (maksimaleffekten begrenses av en brukstid på 5 000 timer/år) har i utgangspunktet behov for tilleggseffekt med tilhørende energi. Kommuner med lavere brukstid kan ta ut innenfor tildelt kvantum den konsesjonskraftmengde som de kan nyttiggjøre seg ved 5 000 brukstimer/år. Kommunen må da selv skaffe seg/kjøpe den tilleggseffekt med tilhørende energi som trengs for å dekke kraftbehovet til alminnelig elforsyning.

Når konsesjonskraften benyttes til alminnelig elforsyning, eller en andel av denne innen den konsesjonskraftberettigede kommunen, skal kommunens forbruksmønster over året følges, dersom partene ikke kommer frem til avtale om et annet uttaksmønster.

Konsesjonskraften som omsettes i markedet eller omsettes på annen måte, kan leveres med utgangspunkt i "blokk-modellen", jf. vårt rundskriv av 15.11.1995 og brev av 26.04.1996. Denne modellen består av 12 blokker à 1 måned, og er fastsatt på grunnlag av gjennomsnittlig uttaksmønster til alminnelig elforsyning for hele landet. Uttaket kan variere med +/- 33,3 % innen hver måned. Frihetsgraden på +/- 33,3 % er å oppfatte som effekt/energi skranker.

De to modellene for uttak av konsesjonskraft skal ikke blandes sammen. Etter valg av modell bør denne gjelde for en lengre periode.

Leveringsbetingelser

Ett år før uttak av konsesjonskraft skal konsesjonæren varsles. Samtidig med varsel av uttak av konsesjonskraft kan konsesjonæren forlange å få oppgitt den brukstid som kommunen ønsker å benytte og dennes fordeling over året. Konsesjonskraft kan sies opp med 2 års varsel.

Konsesjonskraft er kraft med meget høy leveringssikkerhet. Konsesjonæren har plikt til å levere konsesjonskraft selv om kraftverket er ute av drift med mindre det kan vises til force majeure. Bare i de tilfeller der det er klart at kraftproduksjonen vil opphøre helt før konsesjonstidens utløp, bør konsesjonæren bli fritatt for denne forpliktelsen.

Kraften er referert kraftstasjonens apparatanlegg for utgående ledninger. Tariffer for overføring av konsesjonskraft reguleres av energilovens system. Konsesjonskraft skal tariffes som annen kraft i henhold til retningslinjer gitt av NVE. Kraften overtas av den konsesjonskraftberettigede kommunen før innmating på nettet. Innmatingsavgift skal betales av konsesjonskraftmottakeren. Det skal kun betales innmatingsavgift en gang dvs. ved fysisk innmating på nettet.

Konsesjonskraftpris

For kraftverk som benytter fall/regulert vann som er konsedert før 10.04.1959 skal det beregnes maksimalpris for konsesjonskraften fra hvert enkelt kraftverk basert på produksjonskostnader inkludert 6% rente av anleggskapitalen og med et påslag på 20%. Som delingsfaktor for de totale produksjonskostnadene inkl. 20% skal middelproduksjonen for kraftverket basert på tilsigsperioden 1970-99 benyttes. Middelproduksjonen for det enkelte kraftverk oppgis av NVE.

På grunn av at prisen på konsesjonskraft ofte ble relativt høy etter bestemmelsene om maksimalpris, ble det tatt ut forholdsvis lite konsesjonskraft før lovendringen i 1959. Ved nevnte lovendring ble det forutsatt at prisen skulle være rimelig. Dersom partene ikke blir enig om pris, skal den pris som OED hvert år fastsetter benyttes for konsesjoner gitt etter 10.04.1959. Denne prisen er basert på gjennomsnittlig selvkost for et representativt utvalg av kraftverk, og beregnes etter en modell som ble utviklet på midten av 1990-tallet.

I de tilfeller der ervervskonsesjon er gitt etter 10.04.1959 og reguleringskonsesjon er gitt før lovendringen i 1959 skal prisen fastsettes i henhold til konsesjonsvilkår gitt i medhold av ervervsloven.

Vedtak

Etter henvendelse/søknad eller når ny konsesjon er gitt beregner og fordeler NVE konsesjonskraft for hvert kraftverk til kommuner og fylkeskommuner. Beregningene med forslag til fordeling sendes berørte parter til uttalelse før vedtak fattes.

NVEs vedtak om konsesjonskraft kan påklages til Olje- og energidepartementet (OED).

Vedtak om avståelse- og fordeling av konsesjonskraft kan tas opp til ny prøvelse etter 20 år. Slik prøvelse kan være aktuelt i de tilfeller der fordelingskriteriene eller forholdene for øvrig har blitt endret. Denne bestemmelsen har tilbakevirkende kraft.

I NVEs vedtak om fordeling av konsesjonskraft oppfordres partene til å inngå avtale om pris og leveringsbetingelser for konsesjonskraft. NVE understreker at partene har avtalefrihet.

Beregningsgrunnlaget

Beregningene utføres for hvert kraftverk, og tar utgangspunkt i de bestemmelser som er tatt inn i de forskjellige ervervs- og reguleringskonsesjonene.

Beregningsgrunnlaget fastsettes i forbindelse med konsesjonsavgiftene og ligger fast i hele konsesjonsperioden. Beregningsgrunnlaget kan fastsettes foreløpig for 10 år og deretter endelig for resten av konsesjonstiden.

Kraftgrunnlaget (naturhestekrefter) for det enkelte kraftverk blir beregnet med utgangspunkt i regulert vannføring og kraftverkets fallhøyde:

$$\text{Kraftgrunnlag (nat.hk.)} = \text{Fallhøyde}_{\text{Kraftverk}} \text{ (m)} \times \text{Vannføring}_{\text{Kraftverk}} \text{ (m}^3\text{/s)} \times 13,33$$

Fallhøyden er differansen mellom et kraftverks overvann (inntak) og undervann (utløp). Dersom inntaket er et reguleringsmagasin, regnes overvannet vanligvis å tilsvare øvre reguleringsgrense minus $\frac{1}{3}$ av magasinets reguleringshøyde. Høyden på undervannet angis på det sted der vannet kommer ut i avløpstunnel /kanal.


Hydrologisk datagrunnlag

Det må tas hensyn til flere faktorer ved beregning av kraftgrunnlaget; for eksempel normaltilsig fra det regulerte felt og magasinenes totale volum.

Det er viktig hvordan avløpet fordeler seg over året og med variasjoner fra år til år. For beregning av konsesjonsavgifter og konsesjonskraft benyttes normalavløpet over en bestemt periode. Vanligvis benyttes 30-årsperioden 1961-90.

Regulert vannføring

For å komme frem til regulert vannføring fra et felt blir det konstruert en reguleringskurve, som baseres på akkumulert tilsig til feltet. Når magasinprosenten er kjent (dvs. forholdet mellom magasinivolum og normal årstilsig (mill.m^3)) kan regulert vannføring avleses fra reguleringskurven (figur 1). Reguleringskurve beregnet etter vregl. vil bli forskjellig fra reguleringskurve beregnet etter ikl.




Figur 1. Reguleringskurve – forholdet mellom regulert vannføring og magasin størrelse i prosent av gjennomsnittlig vannføring

Regulert vannføring etter **vregl.** betegnes som **bestemmende årsregulert vannføring**, og kan beskrives som en jevn vannføring i de aller fleste år, med unntak av ett /eller flere særlige ugunstige år. Dvs. denne vannføringen kan holdes i 90% av årene i en observasjonsperiode. Vregl. gjelder regulering av vassdrag ved å etablere reguleringsanlegg for utjevning av vannføringen over reguleringsåret eller reguleringsperioden. Tilleggsreguleringer og overføring av vann for utnyttelse lenger oppe i samme vassdrag eller overføring av vann fra et vassdrag til et annet, for derved å øke regulert vannføring, kommer alltid inn under denne loven. Loven skiller ikke på om reguleringsvannet blir frembragt ved vanlig regulering, overføring eller pumping. Vannføringsøkning etter vregl. blir beregnet som differansen mellom bestemmende års regulert vannføring og alminnelig lavvannføring/minstevannføring (figur 2).

Regulert vannføring etter **ikl.** betegnes som **median årsregulert vannføring**, og kan holdes i 50% av årene i en observasjonsperiode. Etter ikl. beregnes antall nat.hk. ut fra regulert vannføring i et medianår og uten fratrukk for lavvannføring (figur 2). Dersom det i konsesjonsvilkårene er gitt pålegg om slipping av minstevannføring, trekkes denne fra median årsregulert vannføring.

Når en skal beregne kraftgrunnlag for et vannfall/en utbygging som har konsesjon etter både ikl. og vregl., kommer avgifter og kraft etter vregl. til fradrag ved beregning av avgifter og kraft i henhold til ikl. ("netto ervervsdel", figur 2), jf. ikl. § 2, post 13, 1. ledd og vregl. § 12, post 15, 6. ledd.

Alminnelig lavvannføring (figur 2) blir beregnet med utgangspunkt i en lang måleserie fra et uregulert felt. Alminnelig lavvannføring ligger vanligvis svært nær middelverdien av de årlige minstevannføringer.



Figur 2. Beregning av kraftgrunnlag for ervervs- og reguleringskonsesjoner. De hvite feltene viser størrelsen på netto ervervsdel, mens det mørke feltet viser kraftgrunnlaget for reguleringsdelen.

Beregning av konsesjonskraft

Ved beregning av konsesjonskraftmengde benyttes samme gjennomsnittlig kraftmengde, henholdsvis kraftøkning, som ved beregning av konsesjonsavgiftene med unntak av utbygginger med flerårsmagasin. I konsesjonskraftsammenheng regnes flerårsmagasin som 100% regulert.

Ved omregning fra nat.hk. til kW benyttes 1 nat. hk.= 0,736 kW. Det regnes med en gjennomsnittlig virkningsgrad for alle kraftverk på 82 %. Omregningskoeffisienten er avrundet til 0,6. Ved omregning til kWh benyttes 8 760 timer i året.

Effekten og energien som kan tas ut fra det enkelte kraftverk summeres, og fordeles til utbyggingskommunene, begrenset til alminnelig elektrisitetsforsyning innen kommunen. Fylkeskommunen kan midlertidig ta ut ev. restkvantum. Effekten oppgis i kW og energien i kWh.


Fordelingen av konsesjonskraft

En oversikt over kraftgrunnlagene (nat.hk.) for hver konsesjon og for hvert av kraftverkene som benytter vannfallet/ reguleringen oppgis i forbindelse med fordeling av konsesjonskraft.

På dette grunnlag fordeles kraften sett fra det enkelte kraftverk. Kraftgrunnlaget for regulerings-/ervervskonsesjon blir fordelt mellom de berørte kommuner i forhold til kraftverks-, magasin- og fall/overførings-andel for det enkelte kraftverk (figur 3).

Netto ervervsdel; dvs. kraftgrunnlaget for ervervskonsesjonen minus kraftgrunnlaget for reguleringskonsesjonen(e) fordeles til kraftverks- og fallkommunene jf. figur 3.

Ved fordeling på kommuner er følgende fordelingsprinsipp lagt til grunn:



Figur 3. Fordelingsnøkkel ved deling av konsesjonskraft mellom kommuner

Andel til fallkommunen(e)

Når fallet strekker seg gjennom flere kommuner, blir fallhøyden innen den enkelte kommune benyttet som delingskriterium.

Overføringsandel

Ved overføring av vann, vil overføringsandelen komme til fradrag i fallkommunenenes andel (figur 3). I de tilfeller der en konsesjon bare gjelder overføring av vann vil den/de kommuner som vannet overføres fra (bidragsvassdraget) få 48,5 % av konsesjonskraften. Når flere overføringer/pumping/reguleringer inngår i samme konsesjon vil overføringsandelen (m^3/s) som oftest bli beregnet i forhold til middelvannføringen (m^3/s) i kraftverket, men overføringsandelen kan også beregnes som forholdet mellom overført felts areal (km^2) og kraftverkets totalfelt (km^2). Kommunen(e) i bidragsvassdraget tildeles konsesjonskraft i forhold til fallhøyde innen hver kommune. Fallhøyden beregnes fra overføringspunkt til tilbakeføringspunkt i vassdraget, eventuelt havnivå.

Ved overføring av magasin vil magasinkommunen(e) få tildelt 48,5 % av konsesjonskraften som ordinær magasinkommune(r).

Andel til magasinkommunen(e)

Konsesjonskraft blir fordelt til de kommuner der de enkelte magasinene ligger. Den innbyrdes fordelingen mellom flere magasinkommuner er som regel basert på forholdet mellom magasinvolumentene innen de enkelte kommuner. I de tilfeller der kommunegrenser deler et magasin fordeles som oftest magasinandel etter magasinets overflateareal, og omregnes til volumfordeling.

Andel til kraftverkskommunen

Kommunen som kraftverket ligger i tildeles 3 % av konsesjonskraften.

Oppgjevne forbrukstal for 2014

	Kvinesdal	Sirdal	Åseral
Avregna AE nett	81 964 296	62 731 512	25 185 181
AE vannkraft eget forbruk	27 818	145 200	
Logna,Skjerka,Håverstad			1 444 667
Kuli		20 000	
Osen		17 000	
Finså		45 200	
Kvinesdal kr	27 818		
Høylandsfoss	32 000		
Hisvatn	50 000		
SK Roskrepp		622 850	
SK Kvinen		696 000	
SK Solhom	808 350		
SK Tjørhom		437 350	
SK Tonstad		2 691 350	
Sum	82 910 282	67 406 462	26 629 848
Nettap 10%	8 291 028	6 740 646	2 662 985
Eramet	65 000 000	72 000 000	
Sum	26 201 310	2 147 108	29 292 833

*** Manglar avrekning**

Korrigert basert på skjønsmessig fordeling Sira-Kvina anlegga.

Kuli, Osen og Finså oppdatert med tal frå AE 06/10/15

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utval</i>	<i>Møtedato</i>
80/15	KIKS - Styret	27.11.2015

Endring i møtgodtgjeringar for styret og representantskapet

Dagleg leiar tilrår:

Ein endrar møtgodtgjeringane fylgjande:

- Styreleiar får eit årleg styreleiarhonorar på kr 70.000,-. Dette inkluderer møtgodtgjeringar både for styremøte og representantskapsmøte.
- Møtgodtgjering for representantane i representantskapet fell bort.
- Representantskapsleiaren får kr 5000,- per møte.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Ein har i budsjett- og økonomiplanarbeidet sett på kostnadene ved møteverksemda i KIKS, og ein ser høve til justeringar og endringar som fylgje av eit «nytt» selskap med nye deltakarar og nye utfordringar for framtida.

2. Kva er samanhengen mellom strategiplanen og denne saka

Det fylgjer av vedtatte strategiplan og overordna visjon, at Konsesjonskraft IKS vaktar og forsvarar deltakarane sine rettar, tek vare på verdien og fører den tilbake til deltakarane. I dette ligg eit mål om å maksimere verdien av konsesjonskraftrettane for kommunane, også gjennom drift og tilhøyrande driftskostnader.

3. Saksopplysningar

Ordninga i dag i styret:

- Per i dag har styreleiar eit styreleiarhonorar på kr 20.000,- per år, i tillegg til møtgodtgjering på kr 2500,- per møte.
- Styremedlemene har kr 2500,- per møte i godtgjering, ingen tapt arbeidsforteneste.
- Representantskapsleiaren har kr 2500,- per styremøte han møter på.
- Reisekostnadar etter reiserekning.

Ordninga i dag i representantskapet:

- Representantskapsleiaren har kr 4000,- per møte
- Andre representantar har kr 2500,- per møte, ingen tapt arbeidsforteneste.
- Styreleiar har kr 2500,- per representantskapsmøte

- Reisekostnadar etter reiserekning.

4. Vurdering

Ein vurderer KIKS slik at det er eit selskap som har tilnærma ny status, og at ein derfor må tilpasse seg dette. Det inneber at deltakarane utfører ei eigaroppgåve i representantskapet, og at styret blir viktige i den vidare utviklinga og drifta av selskapet. Ein kan derfor argumentere for at styret med styreleiar får ei vel så viktig oppgåve i åra framover, og at dette bør synleggjerast i satsane.

Vidare vurderer ein at representantane i representantskapsmøtet utfører ei eigaroppgåve, og at godtgjering derfor ikkje er nødvendig. Det er heller ikkje vanleg at ein har godtgjering frå det interkommunale selskapet ved representantskapsmøte. Leiaren for representantskapet er derimot føreslått med ei godtgjering på kr 5000,- per møte, ei auke på kr 1000,-.

Til endringar/justeringar i styret:

- Styreleiar får eit årleg styreleiarhonorar på kr 70.000,-. Dette inkluderer møtegodtgjeringar både for styret og representantskapet.

Til endringar/justeringar i representantskapet:

- Møtegodtgjering for representantane fell bort
- Representantskapsleiaren får kr 5000,- per møte.

Valle, den 18.11.2015

Arne Tronsen
dagleg leiar

Vedlegg

1 Møtekostnadar i KIKS

Møtekostnader i KIKS per 2015 for styremøte og representantskapsmøte						
Per i dag				Framlegg til endring		
<u>Faste utgifter til møta</u>		Styremøte	Rep. skap	Styremøte	Rep. skap	
Styreleiarhonorar		20 000		70 000		
Årleg styremøte m overnatting	15 pers overnatting og middag	30 000		30 000		
Sum faste utgifter		50 000	-	100 000	-	
<u>Variable utgifter per møte</u>						
Møtegodtgjeringar	9 medl (inkl vara), 1 rep.skap	25 000		17 500		7 medl, styreleiar ikkje per møte + 1 rep.skap
	21 rep, 1 leiar, 1 styreleiar		59 000		5 000	Rep ikkje godtgj. Leiaren får kr 5000,- per møte
Reisekostnadar møtedeltakarar	Snitt kr 1000,-	10 000	22 000	10 000	22 000	
Lokalleige		2 000	5 000	2 000	5 000	
Mat og drikke på møta	15 pers per styremøte, lunsj	3 750		3 750		
	60 pers per rep.skap, middag		60 000		15 000	30 per rep.skap, servering tilsvarande lunsj
Overnatting rep.skap			30 000		15 000	1/2 rep.skap (seminar annankvart år)
Tidsbruk førebuingar	30 timar per møte	30 000	30 000	30 000	30 000	
Sum variable utgifter per møte		70 750	206 000	63 250	92 000	
Tal på møte per år		6	2	6	2	
Kostnad per møte		79 083	206 000	79 917	92 000	
Totalkostnad		474 500	412 000	479 500	184 000	
Totale innsparingar for KIKS		Styret	Rep.skap			
Spart per år		-5 000	228 000			
Spart per møte		-833	114 000			
Totale møtekostnader nå og framover						
Per i dag, per år		886 500				
For framtida, per år		663 500				
Innspart per år		223 000				

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utval</i>	<i>Møtedato</i>
81/15	KIKS - Styret	27.11.2015

Konkurransesgrunnlag for innkjøp av revisortenester

Dagleg leiar tilrår:

Vedlagte konkurransegrunnlag blir vedtatt.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Ein skal innhente tilbud og velje revisor for KIKS.

2. Kva er samanhengen mellom strategiplanen og denne saka

Revisjon er ei lovpålagt oppgåve, som uavhengig av strategiplan må etterlevast.

3. Saksopplysningar

KIKS er ikkje underlagt lov og forskrift om offentleg anskaffingar, jf. forsyningsforskrifta og vedtak i ESA av mai 2012 (sjå elles konkurransegrunnlaget). Det betyr at vi i utgangspunktet har lov til å hente inn tilbud på revisor direkte både frå eitt eller fleire firma. Ein vurderer det slik at ein bør innhente tilbud frå minimum tre revisjonsselskap over ein viss storleik med kontor på Sørlandet.

Ein har valt å lage konkurransegrunnlag i denne saka tilnærma likt eit konkurransegrunnlag ved ein offentleg anbodskonkurranse. Dette er gjort for å få eit så godt grunnlag som muleg, og dermed også det beste tilbudet til beste pris. Konkurransegrunnlaget vil bli sendt konkrete tilbydarar direkte.

4. Vurdering

Kvalifikasjonskrav og tildelingskriteria kjem fram av vedlagte konkurransegrunnlag, og ein visar derfor til dette.

Valle, den 20.11.2015

Arne Tronsen
dagleg leiar

Vedlegg

1 Konkurransesgrunnlag

KONKURRANSEGRUNNLAG

Avtale
om revisortenester for
Konsesjonskraft IKS



Tilbudsfrist: XX.XX.XXXX

Innhald

1. Oppdragsgjevar	3
2. Invitasjon til avgrensa anbodskonkurranse.....	3
3. Konkurransgrunnlaget og generell informasjon om konkurransen	3
3.1. Generelt.....	3
3.2. Utforming av tilbodet	4
4. Kravspesifikasjon	4
5. Kvalifikasjonskrav	4
5.1. Obligatoriske og ufråvikelege krav	4
5.2. Tilbydaren si økonomiske og finansielle kapasitet.....	4
5.3. Tilbydaren sine tekniske og faglege kvalifikasjonar	4
6. Tildeling	4
6.1. Kompetanse.....	5
6.2. Pris	5
6.3. Leveringstryggleik/ responstid/ service	5

1. Oppdragsgjevar

Konsesjonskraft IKS er eit interkommunalt samarbeid mellom 20 kommunar og dei to fylkeskommunane på Agder, lokalisert i Valle i Setesdal. Selskapet arbeider med å vakte og forsvare deltakarkommunane sine konsesjonskraftrettar, samstundes som vi skal sikre deltakarane gode og pårekelege inntekter av krafta. Desse inntektene er viktige for både den kommunale velferdsproduksjonen og for utvikling av infrastruktur og næringsliv i regionen.

Selskapet kjøper årleg konsesjonskraft for rundt 100 millionar, og eit totalt driftsresultat for 2015 på 140 millionar.

For vidare informasjon om selskapet, sjå www.konsesjonskraft.no.

2. Invitasjon til avgrensa anbodskonkurranse

Oppdragsgjevar inviterer med dette til ein avgrensa anbodskonkurranse for inngåing av avtale om revisjonstenester.

Konsesjonskraft IKS er ikkje omfatta lov og forskrift om offentleg anskaffingar, jf. Forskrift om innkjøp i forsyningssektorene av 2006. Jf. også vedtak i ESA, datert 22. mai 2012, som seier at dei som driv med «production and wholesale of electricity» er unntatt lov og forskrift om offentlege anskaffingar. Konkurransen blir derfor utført som ein avgrensa konkurranse, der konkurransegrunnlaget blir sendt direkte til aktuelle tilbydarar, utan ytterlegare kunngjering.

Det er ikkje høve til forhandlingar.

3. Konkurransegrunnlaget og generell informasjon om konkurransen

3.1. Generelt

Konkurransegrunnlaget består av dette dokumentet.

Alle eventuelle spørsmål blir retta til saksbehandlar hos oppdragsgivar:

Anne Liv Lidtveit anneliv.lidtveit@konsesjonskraft.no

Tilbudet skal utarbeidast skriftleg og sendast per post til fylgjande adresse:

Konsesjonskraft IKS
Postboks 4
4747 Valle

Tilbudet må vere selskapet i hende på ovannemnde adresse seinast XX.XX.XXXX klokka XX.XX.
Tilbudsfristen er absolutt.

Tilbudet er bindande for tilbydar fram til XX.XX.XXXX klokka XX.XX.

Alle kostnader som kjem til i samband med å utarbeide og innlevere tilbod, må berast av tilbydar.

I Konsesjonskraft IKS er det representantskapet som vel revisor, jf. lov om interkommunale selskap § 28. Det betyr at avgjerda over kven som får anbodet ikkje blir tatt før representantskapsmøtet i juni 2016.

3.2. Utforming av tilbudet

Tilbydar skal utforme eit tilbodsbrief, som skal gjere greie for leveransen ein tilbyr. Ein ber tilbydar beskrive verksemda, i tillegg til å svare på dei punkta som fylgjer av punkt 4. Kravspesifikasjon, punkt 5. Kvalifikasjonskrav og punkt 6. Tildeling.

Tilbudet skal vere utforma på norsk, og alle tal vere oppgitt i norske kroner eks. mva.

4. Kravspesifikasjon

Det skal inngåast avtale om revisjonstenester for Konesjonskraft IKS. Rekneskapen blir revidert ved kvart tertial, i tillegg til årsrekneskap.

Revisor skal revidere kjøp og sal av konsesjonskraft, og ettersjå at oppdragsgivar sine finansielle transaksjonar og plasseringar er forsvarlege.

5. Kvalifikasjonskrav

Det blir opna for at ein kan levere fylgjande dokumentasjon på ein minnepinne, for å redusere papirmengda.

5.1. Obligatoriske og ufråvikelege krav

Det blir kravt at tilbydar har ordna forhold med omsyn til innbetaling av skatt og meirverdiavgift. Fylgjande dokumentasjon skal leggest ved:

- Skatteattest, ikkje eldre enn 6 månadar
- Meirverdiavgiftsattest, ikkje eldre enn 6 månadar
- HMS-eigenerklæring

5.2. Tilbydaren si økonomiske og finansielle kapasitet

Det blir kravt at tilbydar har økonomisk evne til gjennomføring av avtalen. Fylgjande dokumentasjon skal leggest ved:

- Føretaket si siste revisorgodkjente årsmelding
- Eventuelt nyare opplysningar som har relevans til føretaket sine rekneskapstal

5.3. Tilbydaren sine tekniske og faglege kvalifikasjonar

Det blir kravt at tilbydar har tilstrekkeleg kompetanse og erfaring frå tilsvarande oppdrag (totalleveranse). Fylgjande dokumentasjon skal leggest ved:

- Overordna beskriving av verksemda si organisering og kjernekompetanse relatert til oppdraget.

6. Tildeling

Berre tilbud som oppfyller kvalifikasjonskrava i punkt 5 vil bli vurdert i forhold til tildelingskriteria.

Tildeling av avtale vil skje til det tilbudet som er mest fordelaktig for oppdragsgivar, vurdert med bakgrunn i dei kriteria som fylgjer nedanfor. Ein vil nytte ei tildelingsmatrise med vekting der tilbydarane blir gitt karakterscore 1-6, med karakter 6 som beste score.

Punkt	Tildelingskriteria	Vekt
6.1.	Kompetanse	50 %
6.2.	Pris	30 %
6.3.	Leveringstryggleik/ responstid/service	20 %
	TOTALT	100 %

Oppdragsgivar ber om at kvart enkelt punkt blir beskriva i tilbodet.

Ei nærmare beskriving av dei ulike tildelingskriteria fylgjer under.

6.1. Kompetanse

Personane som er tenkt å arbeide med oppdraget, i alle fall hovudansvarlege, skal vere statsautoriserte revisorar.

Oppdragsgivar ønskjer ein revisor som har erfaring med finansiell derivathandel og med valutatransaksjonar, i tillegg til basiskunnskap om norsk vasskraftlovgiving.

Oppdragsgivar ønskjer ein revisor som har offentleg forståing, det vil seie viser kompetanse og forståing for Konesjonskraft IKS sine behov og mulegheiter.

Oppdragsgivar ber om å få tilsendt CV på nøkkelpersonar for oppdraget.

6.2. Pris

Prisen på dei tenestene som blir tilbode.

Oppdragsgivar ønskjer presisert kostnadane tilbydar reknar ved opplæring.

Ved særlege bestillingar av tenester og rådgjeving, ønskjer oppdragsgivar å få oppgitt kostnadene ved dette per time.

6.3. Leveringstryggleik/ responstid/ service

Ein ber tilbydar beskrive kva bemanning og organisering ein ser føre seg på oppdraget. Oppdragsgivar set krav om at det skal vere minst to personar hos tilbydar som arbeider med Konesjonskraft IKS, i større eller mindre grad.

Tilbydar skal beskrive kva oppdragsgivar kan forvente av responstid ved kontakt med selskapet, og responstid ved revisjon av årsrekneskap og tertialrekneskap.

Tilbydar skal beskrive kva for servicekonsept som blir tilbode. Dette inkluderer mellom anna organisering av selskapet, lokalisering, statusmøte, eventuell deltaking på oppdragsgivar sine møte, og liknande.